
Fra: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Sendt: fredag 8. februar 2019 14.41
Til: Postmottak Meland
Kopi: Bjørnar Norvald Langeland; Arnt Brakstad; Eirik Bouwer Utne
Emne: Sak 18/2283 Søknad om riving av bustad

Hei!

Vi viser til sak 18/2283 Søknad om riving av bustad på gnr 22 bnr 15 i Meland.

Vi gjer merksam på at Meland Mållag, i lag med Meland Sogelag, har interesse i denne saka og at laget er i dialog med eigaren med omsyn på mogleg overtaking av bygningen/bygningsdelane. Etter synfaring 07.02.19 ved firmaet Gamle3Hus, som har spisskompetanse på restaurering av gamle verneverdige hus, vil det truleg verta utarbeidd ei meir utførleg tilstandsvurdering og ein tiltaksplan for bygningen, primært med tanke på oppføring på ein ny stad.

Eigar er kjend med desse planane og innforstått med at vi vil trenga noko tid for å førebu eit slikt prosjekt.

Beste helsing
Meland Mållag
v/Haakon Aase, leiar